

Med påskekyllingar i klasserommet.

05.04.2017



Glade fjerdeklassingar med nydelege kyllingar.

Det nærmar seg påske, og sjølv om det minkar på påskesnøen, er det påkestemning på Uskedal skule. Særleg gjeld det i klasserommet dei 18 fjedeklassingane. Der er det livleg piping av 20 nyklekte og nydelege påskekyllingar. Det ser verkeleg ut som dei kosar seg i buret sitt bak i hjørnet i rommet som dei deler med elevane.



Anders og Petter med ein av dei fine kyllingane.

Kyllingane er berre nokre dagar gamle. Alle ha fått namn etter ein elev i klassen, og kvar elev har såleis spesielt nært forhold til 'sin' kylling. Kyllingane har det godt under varmelampen i buret deira. Likevel er det tydeleg at dei set pris på ein luftetur når nokre elevar tar opp kyllingane sine for fotografering. Då vert det lyd i godpipinga! Elevane kosar seg kollosalt med dei små nydelege 'nøstene' i mange forskjellige flotte fargevariantar. Berre på nokre få dagar kan dei sjå at dei har vakse!

Kyllingane er del av eit naturfagprosjekt som kontaktlærer Trine Nødland står for. Ho har sytt for at det har blitt kjøpt inn egg, og ho har tatt med rugemaskinen sin. Prosjektet er ein fulltreffar med levande påskekyllingar siste veka før påske. Trine har gjort dette både på Uskedal skule tidlegare år og på plasser ho har jobba før. Når elevane tar påskeferie, tar Trine kyllingane med seg heim slik at dei vert sikra godt stell i ferien. Når dei kjem på besøk i klassen att, har dei nok vakse mykje, men eg er sikker på at dei kjenner dei gode vennene sine att!

Då eg besøkte klassen, var berre om lag halve klassen der. Resten av gjengen var ute på tur.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland